

Bed om tafikksikringstiltak snarast i Korsneset og Ospelunden.

29.11.2018



Korsnes Vel og Uskedal utvikling bed om trafikksikring straks på FV 48 i område ved utlikøyringane frå begge byggefelta.

Uskedal Utvikling og Korsnes Vel frontar på nytt saka om trafikksikringstiltak på Fylkesveg 48 ved byggefelta Korsneset og Ospelunden. Saka er ein gjengangar utan at noko er gjort så langt, bortsett frå at fartsgrensa er 60 km. No bed sokjarane om ei snarleg løysing før ei alvorleg ulukke oppstår. Alle beburane i begge byggefelta støttar søknaden og det er lagt ved underskriftsliste.

I søknaden til Kvinnherad kommune kjem det fram ei god grunngjeving for å trafikksikra området i høve til myke trafikantar.

- Born busette i Korsneset byggefelt lyt kryssa FV 48 kvar dag til og frå skulen
- Det er busshaldeplass på begge sider av FV 48. Ein stor del av passasjerande, medrekna ungdomsskuleelevarne, må kryssa vegen
- Born og ungdom som skal på fritidsaktivitetar eller til Uskedal sentrum, må kryssa vegen
- Born og vaksne som ferdast mellom byggefelta, må kryssa vegen. Dette gjeld særleg på sommaren då mange brukar den offentlege badestranda nedfanfor Korseneset
- Ballbinge og leikeplass på nedsida av fylkesvegen, gjer at mange også må kryssa vegen. Denne kryssinga vil berre auka den dagen ny leikeplass er på plass i Ospelunden

Kryssinga i dag er i 60 sona og det har alt vore mange nestenulukker. I 2008 var det ei dødsulukke på staden. Søknaden, som også er underskriven av Uskedal skule/ Uskedal barnehage og Uskedal Idrettslag, gjeld å finna ei straks løysing i området frå og med innkjøyringa til Ospelunden byggefelt til og med innkjøyringa til Korsneset byggefelt.



Stor trafikk og mange mjuke trafikantar langs vegen og ved kryssing av vegen gjer at område framstår som risikofylt og med mange nestenulukker.

Som ei kortsiktig løysing bed sokjarane om at fartsgrensa vert redusert og at det vert lagt til rette for gangfelt med lysregulering.

Uskedalen.no føl opp denne saka. Som fylgje av kontakt mellom Uskedal utvikling og Vegvesenet, er det utført trafikkmåling for både fart og passerande bilar. Resultatet vert lagt fram for Uskedal utvikling, Kvinnherad kommune og Politiet så snart dei er klare.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal